

# INDREMISJONSFORBUNDET

## TREÅRSMELDING

### 2016-2018

Styret for Indremisjonsforbundet (ImF) legg med dette fram si treårsmelding for GF, og vi vil gi våre misjonsvenner eit innblikk i vårt arbeid og virke dei tre siste åra. Det meste av det som er skrive, vil ein kjenne igjen om ein har halde seg orientert med Sambåndet og nettsidene våre. Vi har lagt vinn på å skrive kort, men innholdsmetta, slik at flest mogleg opplever meldinga overkomeleg å sette seg inn i.

*Publisert 09.09.2019, to måneder før Generalforsamlingen.*

*Layout oppdateres de følgende dagene. Melding fra ImF-UNG, kretsene og skolene trykkes i Sambåndets oktober-utgave.*

#### STYRET

Styret samlast fem gonger per år; januar, mars, mai, september og november. I tillegg har det vore telefon- og epostmøte ved behov. Første varamedlem vert innkalla fast til alle møte. Saklista er som oftast delt inn i referat frå ulike styre og råd, økonomirapport, vedtakssaker og generalsekretæren/administrasjonen sin rapport. Den siste inneheld fleire små og store punkt, og er ofte grunnlaget for viktige samtalar i styret.

Dei fleste styremøta er i administrasjonen på Straume, men nokre gonger nyttar vi ein laurdag på Gardermoen, i tillegg til at vi hausten 2016 besøkte ImF Rogaland (Ognatun) og hausten 2017 besøkte Finnmark Indremisjon (Vestre Jakobselv og Vadsø).

Styremedlem Marit Hauge vart henta heim til Herren i 2018, og vi har sakna hennar personlegdom, engasjement og visdom i møta våre. Terje Greibesland vart etter det fast styremedlem, Solveig Hosøy 1.vara, og Linda Austnes 2.vara.

#### LÆRE- OG TILSYNSRÅDET

Etter lovendringa i siste GF, der to medlemmer no kunne veljast av styret, vart Gunnstein Nes og Andreas Evensen valde i tillegg til generalsekretær, styreformann og rektor ved Bibelskulen. Rådet handsamar saker som er adressert direkte til dette organet, i tillegg til saker som generalsekretæren finn det naturleg å legge fram for rådet.

#### SAMTALEFORA

I tillegg til styre og lære- og tilsynsråd, har generalsekretæren desse viktige fora for å samtale om teologiske og strategiske spørsmål:

- Leiargruppa: Denne består av administrasjonsleiar, økonomileiar, personalleiar, medieleiar, leiaren for ImF-UNG, og ansvarleg for arrangement og innsamling. Gruppa samlast som regel kvar tysdag morgon.

- Misjonsrådet: Her møter generalsekretær, krinsleiarane, rektor for Bibelskulen, ImFs leiargruppe, forsamlingsleiarar i minst 50% stilling og forstandarar i ImF Trossamfunn. Dei to siste åra har vi også samla med leiarane for ImF-UNG sentralt og krinsane, i tillegg til leiar for Awana Norge. Generalsekretær og krinsleiarane har også hatt utvida samtalar i samband med deira vegleiingssamlingar.
- Forsamlingsrådet: Medlemar her har vore generalsekretæren og forsamlingsleiarane Glenn Nord-Varhaug, Knut Kvamme og forsamlingskonsulent Runar Landro (leiar). I tillegg har leiar for plantingsarbeidet, John Torjus Eriksen, vore med på dei fleste møte.
- Personaldagane: Dette er to arbeidsdagar i august der forkynnarane og tilsette i administrasjonen møtest. Fokus er fagleg påfyll, deling av erfaringar i tenesta og åndeleg og sosialt fellesskap. Generalsekretæren og personalleiaren har ansvar for desse dagane.
- Rektormøtet: Dette er i samarbeid med NLM, DELK og Normisjon. Møtet vert halde over to dagar i februar/mars, og har samla 60-70 rektorar.
- Generalsekretærmøtet: Her møtest generalsekretærene for ImF, NLM, NMS, Normisjon, Israelsmisjonen, Søndagsskulen, og NKSS. Samlast to gonger per år.
- Evangelisk Luthersk Nettverk: Stifta i 2012 av leiarane for ImF, NLM, Normisjon, DELK og Frikyrkja. Har møter eit par gonger i året der teologiske og strategiske spørsmål vert samtalt om.
- Nordisk Indremisjonsråd (NIR) og NIMBU (for dei unge): Består av 14 lutherske organisasjonar frå alle seks nordiske land.
- Global Lutheran Forum. Dette vart formelt etablert i 2017, og er eit globalt nettverk av leiarar for lutherske organisasjonar og kyrkjesamfunn som saman har utforma Bishoftu-dokumentet. Generalsekretær har møtt for ImF.

## SENTRALE SAMLINGAR

### GENERALFORSAMLINGA 2016

var lagd til Ålesund Folkehøgskole, og vart avvikla på ein svært god måte. Tema var «Innta landet». I tillegg til nokre lovendingar og godkjenning av tiltaksplan, var det hovudsamtale ut frå eit fellesdokument frå ImF, NLM og Normisjon om forsamlingsbygging i bedehusland. Vi fekk gode bibeltimar frå Runar Landro, og lytte til utfordrande forkynning frå m.a. Tor Erling Fagermoen, Anne Nyvoll Furnes, Marie Hornnes og Erik Furnes. Vi hadde med gode ressursar innan song- og musikk, mellom anna var Divisi med heile tida. Styret evaluerte GF til å vere ein skikkeleg «opptur» på alle måtar, samtidig som ein mellom utsendingane sakna mange yngre leiarar som står i det lokale indremisjonsarbeidet.

### LEDERKONFERANSEN

avløyste det årlege Arbeidarmøte frå 2017. Det var to hovudgrunnar til dette skiftet: For det første var det eit ønske om at den undervisninga som dei tilsette fekk i Arbeidarmøta også måtte nå ut til alle frivillige leiarar i det lokale misjonsarbeidet. For det andre krev eit meir omfattande forsamlingsarbeid at vi byggjer brei leiarkompetanse på ulike felt. Ein modell med kombinasjon av fellessamlingar og ulike nettverk vart lagd fram for Rådsmøtet i 2016, og fekk brei tilslutning.

Konferansen er på Sotra for å dra nytte av lokala våre i Straume Forum, Bibelskulen og Danielsen Barne- og Ungdomsskule Sotra. I 2017 samla vi 400 deltakarar og i 2018 auke dette til 500 deltakarar. På konferansen har vi felles bibeltimar og kveldsmøte i Straume Forum. På dagtid melder deltakarane seg på ulike nettverk for å gå djupare i eit fagfelt. I 2018 hadde vi 12 ulike nettverk. Det er også mogleg for deltakarane å melde seg på ulike seminar.

Tidsmessig har konferansen vore andre helga i november. Tilbakemeldingane frå deltakarane er veldig positive, så vi trur konferansen har skapt ny optimisme for glød for mange lokale leiarar. Vi trur også den har styrka identiteten innan organisasjonen, og vi ser særleg at konferansen gjer sitt til at prosessar og utvikling vert sett i gong i fleire lokale bedehus.

## LYNGDAL BIBELCAMP (LBC)

Dei to store tinga som har skjedd i inneverande periode er at i 2017 feira LBC 50 år, og i 2018 stod det nye sanitærbygget ferdig, inkludert butikk og info.

Framleis er LBC ein stor og viktig arena der Guds ord vert formidla, og hjarte vert sett i brann for Jesus. Vi reknar med at mellom 5000 og 7000 menneske er innom kvar sommar. Dei siste åra har det vore 4 veker med bibelcamp. Dette har vore veke 27, 28, 29 og 30. ImF har hatt ansvaret for alt som har med programmet å gjere, inkludert Kidscamp og Ungdomscampen, medan KVS- Lyngdal har hatt ansvaret for butikk, campingplassen, utleige av rom, osb (drift). Samarbeidet mellom program og drift har fungert veldig godt inneverande periode.

Innhaldet på campen er bibeltimar, kveldsmøte, storsamlingar, konsertar, seminar, kveldsope, familiesamlingar, barnesamlingar, ungdomsmøte, ungdomsbibeltimar, aktivitetar, osb.

Enkelte veker kan det vere 250 barn med på Kidscamp. På det meste kan det vere opp mot 200 ungdomar på ungdomscampen enkelte veker, og vi har vore opp mot 1000 menneske på enkeltmøte.

ImF vil framleis satse på bibelcampen, og saman med KVS-Lyngdal utvikle tiltaket. Vi ser at LBC betyr mykje for mange. I ei tid der det mange stadar lokalt er mindre møteaktivitet, uttrykker fleire verdien av å kunne gå på møte kvar dag over tid som veldig verdifullt.

## SENIORARBEID

Etter nokre år med god oppslutning om «Bibel og Fellesskap 55+» i juni på Bibelskolen, fekk vi i perioden ein merkbar nedgang i deltakartal, og vi hadde ikkje anna val enn å legge ned i 2018. Kveldsåpent under Lyngdal Bibelcamp er ein populær samlingsplass der alle «godt vaksne» kan kjenne seg inkludert i tilbudet. Vi er glade for at også fleire krinsar og lokale forsamlingar set seniorarbeidet på dagsorden med regionale og lokale eldresamlingar.

## PÅSKEMØTE

er flytta frå Bibelskolen til ImF Straume. Lita påmelding gjorde at det var behov for forandring. ImF ser det som viktig å ha samlingar om Guds Ord i påskehøgtida, og er takknemleg for samarbeid med ImF Straume, Midthordland og Bibelskolen om enkeltmøte frå skjærtorsdag til 2.påskedag.

## KVINNEFESTEN

på Bibelskolen i starten på mai, er godt besøkt. Arrangementskomite består av damer frå Nordhordland, Midthordland, Bergens Indremisjon, Bibelskolen og ImF sentralt.

## NORDISK INDREMISJONSRÅD

I 2016 var det rådsmøte i Sverige, der generalsekretærene for ImF og NLM vart valde til formann og sekretær, og vår ung-leiar vart leiar for NIMBU. I 2017 arrangerte vi leiarmøte i Bergen/Ålesund i samband med reformasjonsjubileet, der også ung-leiarane var med, og i 2018 var det NIMBU-konferanse i Sverige med «Tru på heimebane» som tema.

# VIKTIGE ARBEIDSOMRÅDE

## FORKYNNARARBEIDET

ImF har blitt kalla ein forkynnarbevegelse. Vårt motto «Med Guds Ord til folket», understrekar dette som vesentleg i vår identitet. Tidlegare betydde det mange forkynnarar på løningslista, og omfattande møteverksemd på mange store og små bedehus. I siste treårsperiode har forkynnarstaben bestått av ca fire årsverk, og vi har kunn ein forkynnar i full stilling, Marit Stokken Berland. Tor Ingvald Lauvrak er tilsett i full stilling frå september til mai/vinterhalvåret, Irene K Alnes og Roald Evensen er tilsett i 50% stilling. ImF har Harald Tjervåg, Per Gunnstein Nes og Torgeir Skrunes i mindre stillingar. Torgeir er også tilsett i delstilling som vaktmeister og husfar i studentfellesskapet i Betania, Laksevåg. I perioden har vi leigd inn Leiv Nesheim frå Nordhordland (pensjonist frå januar 2019), Marie Hornnes frå ImF Sør og Håkon Garvo frå Finnmark Indremisjon. I tillegg har tilsette i ImF administrasjon og Bildøy Bibelskole hatt betydeleg møteverksemd.

Vi merkar at det er mindre etterspørsel etter møteverksemd frå kretsar og forsamlingar, og vi klarer i betydeleg grad å imøtekomme dei spørsmål som kjem inn. Fleire og fleire av forsamlingane har eigne tilsette, og det merkast i forhold til etterspørsel etter forkynnarhjelp. Tendensen til reduksjon i møteveker og møtehelger held fram, og det er særleg søndagen det er spørsmål etter forkynnarar.

Sjølv om møteverksemda er mindre, opplever vi framleis at evangeliske aksjonar og samanhengande møte av og til fører til at forsamlinga vert fornya og nye vert kristne. Det har vi i perioden bl.a. opplevd på Laurhammar og i Bygstad.

I tillegg til forkynning i samband med møte, skjer det mykje forkynning gjennom ulike husgrupper, på skulane våre, via talar som vert lasta ned frå nett, nærradio, Lyngdal Bibelcamp, P7 og Plussreiser. Vi er taknemlege for ulike kanalar der evangeliet vert forkynt.

Roald Evensen var fram til 1.mai 2016 ImF sin kontakt for Finnmarksarbeidet. Roald la ned ein stor innsats gjennom eigen reiseverksemd, koordinering av møte for Finnmarksarbeidet i andre kretsar, gjennom å skaffe dugnadsfolk til leirstader og bedehus i Finnmark, og på ulike måtar sette fokus på betydninga av misjonsarbeidet i Finnmark. Siste perioden har personalleiar teke over dette ansvaret, men har i mindre grad hatt ressursar til å følgje opp dette. Men hjartet for misjonsarbeidet i Finnmark merkast godt gjennom positiv haldning når det er spørsmål om møte, gjennom frivillige forkynnarar og dugnadsfolk som reiser nordover, og gjennom trufaste foreiningar som støtter arbeidet i bøn og økonomi. Edvard Foss vert leigd inn i 20% frå 1.august 2019 for å følgje opp denne delen av ImF sitt arbeid.

## FORSAMLINGSARBEIDET

Vi opplever ganske store arbeidsoppgåver i forsamlingsarbeidet no samanlikna med for nokre år tilbake. Før var det ein del spenningar knytt til satsingar på forsamlingsarbeidet, og derfor måtte vi bruke mykje tid og ressursar på å svare på spørsmål som

- “Kva er forsamlingsbygging?”
- “Kvifor treng vi å byggje forsamlingar?”.

Sjølv om vi no erfarer ein ny kyrkjesituasjon som gjer svaret på det siste spørsmålet meir sjølvsgt for stadig fleire, er det framleis vår oppgåve å undervise om det grunnleggjande. Dei seinare åra er det likevel ingen tvil om at behovet har endra seg til å svare på spørsmåla

- “Korleis byggjer vi livskraftige og sunne forsamlingar etter Guds hjarte?”
- “Kven kan vi vende oss til for å få rettleiing?”

Som ein vil sjå på [imf.no/forsamling](http://imf.no/forsamling) er det særleg desse ressursane vi no kan tilby dei som stiller desse spørsmåla:

1. **Forsamlingsrådet** som med forsamlingskonsulenten i spissen held fram med å undervise og motivere, til å kople på rett nettverk vidare, og gje teologisk rettleiing i spørsmål knytt til forsamlingsarbeidet. I 2019 har det vore behov for omorganisering av forsamlingsrådet, så no møtest generalsekretær, forsamlingskonsulent, leiar for planting og leiar for læringsnettverket Futurum, Thomas Rake.
2. **Plantingsnettverket** som er oppretta for at det veks fram nye ImF-fellesskap i bygder og byar. Nettverket tilbyr oppfølgingsprosessar av enkeltpersonar, grupper eller forsamlingar/kretsar som ønskjer å plante fellesskap. Nettverket har gitt undervisning, trening, organisert turar og samlingar, hatt nettverk under Lederkonferansen, osv.
3. **Futurum** er ein leia prosess som skal hjelpe lokale bedehusarbeid å bevege seg frå der dei er i dag til der Gud ønskjer at dei skal vere i framtida. Bedehuskirken på Bryne er vertskap. Leiing for fleire forsamlingar har vore med i dette læringsfellesskapet i perioden, og gjev gode tilbakemeldingar. Ein har veksla mellom samlingar på Bryne og i nettverk under Lederkonferansen.
4. **Naturlig Menighetsutvikling**, der ImF har fleire som er utdanna på dette feltet, og rettleier fleire av forsamlingane i vår eigen samanheng, men også i andre organisasjonar og kyrkjesamfunn.

## AWANA NORGE

Det er lagt ved eiga melding om Awana Norge.

## SKULE- OG BARNEHAGEARBEIDET

Det er vårt inntrykk at dei aller fleste skulane i ImF-familien driv godt, og har god elevrekruttering, sjølv om ein del nok merkar auka konkurranse frå moderne offentlege skular. Generalsekretæren representerer ImF i arbeidsgruppa som arrangerer vårt årlege rektormøte som vi arrangerer saman med NLM, Normisjon og DELK. I tillegg møter fleire frå vår leiargruppe i møtet for å styrke kontakten med rektorane våre. Dette er eit viktig møtepunkt, og vi har eiga samling med ImF-ektorane.

I denne perioden vart det starta opp ein friskule tilknytt ImF i Fjaler i Sogn, men denne vart dessverre lagd ned grunna elevmangel. Svært overraskande og gledeleg var det at vår søknad om å starte ny folkehøgskole for 16-åringar fekk oppstartsmidlar som eit resultat av budsjettforliket mellom regjering og KrF i 2018, og vi rettar takk til KrF si Stortingsgruppe som fekk dette gjennom. Skulen skal ligge på Sjøholt på Sunnmøre og vi får overta eigedomen med bygningar for ein symbolsk sum. Arbeidet med å følgje opp dette har tatt mykje ressursar utover i 2019.

Framnes KVS fekk opne sin nye idrettshall i 2017, noko som betyr eit stort løft for denne viktige skulen.

Når det gjeld barnehagane, er det gjort eit arbeid gjennom ImF-UNG for å følgje opp styrarar og personale, i tillegg til at det er eit positivt samarbeid med NLM-barnehagane. Fleire styrarar har også tilbod om ABV. På Sunnmøre vart det bygd heilt nye lokale på ny tomt for Daggry Barnehage på Valderøy.

## IMF TROSSAMFUNN

ImF Trossamfunn vart oppretta for å gje eit tilbod om kyrkjerettsleg registrering gjennom indremisjonen, samstundes som ein ikkje skulle profilere dette på ein måte som skal binde folks samvit i spørsmål om kyrkjemedlemskap. Talet på medlemmer pr 31.12.2018 var 999, det vil seie 581 nye medlemmer i perioden. I snitt har vi hatt 7-8 vigslar i året.

Vi har no ni forstandarar: Erik Furnes, Gunnar Ferstad, Frank Rott, Andreas Evensen, Jørgen Tønnesen, Runar Landro, Glenn Nord-Varhaug, Knut Kvamme og Kai Even Bjørdal.

Vi har heller lite arbeid med å administrere trussamfunnet. Den statlege delen av det offentlege tilskotet går til drifta sentralt, medan den kommunale delen går til det lokale arbeidet som kvar enkelt medlem ønskjer å støtte. Nedanfor er nokre nøkkeltal for trussamfunnet:

Årstal	Statleg tilskot	Kommunalt tilskot (sendt vidare til lokale lag)	Netto årsresultat	Medlemer ved årets slutt
2016	198.240	280.699	159.498	710
2017	375.736	566.827	99.430	930
2018	494.673	778.591	176.375	999

Elles brukar nokre av våre forstandarar ein del tid på vegleiing, kursing og tilsynsteneste i forsamlingane våre. Derfor er det ført ca 253.000 i lønnsmidlar for dette formålet i 2018. Vi ser for oss at dette vil auke framover.

## IMF MEDIA

ImF Media produserer bladet Sambåndet på papir og som e-blad og driv nettstaden sambandet.no. Avdelinga lagar brosjyrar, plakatar og anna grafisk materiale i samband med arrangement. ImF Media lagar òg nettsider – då på Wordpress-plattformen. I 2018 laga avdelinga ny nettside for ImF sentralt og for fleire krinsar og lokale einingar. Av andre enkeltprosjekt designa avdelinga i 2017/18 ny logo for organisasjonen. I tillegg sel ImF Media tenester til eksterne aktørar, og stadig fleire bøker for stadig fleire kundar får grafisk formgjeving på avdelinga. ImF Media sørgjer òg for at Sambåndet og Indremisjonsforbundet er til stades på sosiale medium, så som Facebook, Twitter og Instagram.

Bladet Sambåndet kjem ut med 12 nummer per år, og det er per i dag fire krinsblad som er integrert. Her er det mogleg for fleire å slutta seg til.

Nettevangeliserings-konseptet omGud.net vart overdratt frå ImF til (dåverande) Familie & Medier frå 1. august 2016.

## PERSONALARBEID

Tilsette i dei ulike delane av ImF sitt arbeid får tilbod om å vere med i ABV-grupper/arbeidsvegleiing i grupper. Dette er et tilbod for å styrke personleg og fagleg kompetanse hos våre tilsette. Det er eiga gruppe for kretsleiarar, og for forsamlingsleiarar. I perioden er det også etablert gruppe for UNG-leiarar.

Kvinnenettverk er ikkje blitt følgd opp i perioden då ein ikkje har funne eigna måte. Nokre reiser til kvinnekonferanse som årleg vert arrangert av NLM.

Revisjon av Felles retningslinjer i forhold til seksuelle krenkingar i misjonen vart gjort gjeldande frå september 2017. Revisjonen handla ikkje minst om endringar i Straffelova. I tillegg er det nokre justeringar og presiseringar etter innspel og erfaringar i arbeid med ulike saker. I perioden har ImF jobba med fire saker knytt til denne smertefulle tematikken. I tillegg er ImF rådspurt i saker innanfor dette feltet.

Personalarbeidet har vore leia av personalleiar Aud Karin Ringvoll. Ho har siste del av perioden hatt 70% stilling, i tillegg til at ho har vore arbeidar i forsamlinga på Flekkerøy i 30% stilling.

## ADMINISTRASJONEN

flytta inn i våre nye etasje i Straume Forum hausten 2016, og vi har fått svært tenlege og gode arbeidstilhøve for våre tilsette med transparente kontor og god lydisolering. Vi leiger ut ein del av lokala, noko som gjev oss større arbeidsfellesskap og betre driftsøkonomi enn før.

Økonomiavdelinga har i perioden gradvis vorte avslutta. I 2016 gjekk rekneskapsleiar Edith Molland av med pensjon, Anne Karine Lauvrak og Solveig Ådlandsvik var i deltidsstilling, det same var Marit Dåvøy Natås som gjekk ut i svangerskapspermisjon frå januar 2017. På bakgrunn av bemanningssituasjonen leigde vi inn rekneskapstenester frå Skyen AS v/Amund Lauvrak i 2017. I juni 2017 tok Knif Regnskap over rekneskapen til ImF samt for fleire av våre dåverande kundar. Frå same tid og frå same selskap har ImF leid inn økonomileiarfunksjon i inntil 30%. Dette har vore Rune Bødalen. Ein del av avtalen med Knif Rekneskap har vore at Anne Karine Lauvrak og Marit Dåvøy Natås blei ein del av deira avdeling i Bergens-området. ImF avslutta sine siste kundeforhold på rekneskap våren 2018. Solveig Ådlandsvik slutta i si stilling november 2018.

I kontoravdelinga var Anja S. Ulveseth i redusert stilling som administrasjonsleiar fram til april 2017. Helge Kleven tok då over etter henne først i 80%, seinare 100% frå januar 2019. Administrasjonsleiar har mellom anna ivaretatt avtalar og oppfylging av ulike samarbeidspartnarar i og utanfor organisasjonen, vore sekretær for Løns- og personalutvalet (LPU) og valkomiteen, samt oppfylging, sal og oppussing av ulike eigedomar. Kari Anne Hetland Huse har vore kontorleiar i 100%, Solveig Kopperud kontorfullmektig i deltidsstilling fram til pensjon i november 2019. Kontoravdelinga har mellom anna ansvar for bestillingar til Awana og Sambåndet Forlag, handtering av sentralbord, gåvekampanjar, gjevaravtalar (FGS), skatterapportering og abonnement. Vi har i dag 4 eksterne kundar på kontortenester, i tillegg til oppfylging av kretsar og foreiningar. Øyvind Angelskår var IT-leiar i 100% fram til mars 2018. Han slutta i samband med nedbemanning og som følgje av at IT-løysinga for ImF, Bibelskulen og kretsane blei avslutta våren 2017. Sidan då har ImF kjøpt IT-løysing eksternt hjå Jakob Hatteland Solutions AS.

Administrasjonen har dei siste åra vore i krevjande omstillingsprosessar. Vi har sett det naudsynt å henta inn sentrale tenester på rekneskap, økonomi og IT frå eksterne leverandørar. Dette trur vi vil vere kostnadseffektivt over tid og mindre sårbart med tanke på kvalitet og stabilitet på tenestene.

Vi er takksame for gode medarbeidarar som er positive og fleksible i ein til tider hektisk arbeidskvardag!

## SAMBÅNDET FORLAG AS

2018 var siste driftsår for Sambåndet Forlag AS. I septembermøtet 2018 gjorde ImF-styret vedtak – med fem mot to røyster – om å fusjonera Sambåndet Forlag AS med Lunde Forlag AS. Lunde er overtakande selskap, og ImF får 15 prosent av aksjane i Lunde Forlag AS og ein representant i styret. Fusjonen skjer etter initiativ frå Lunde og gjeld rekneskapsmessig frå 1. januar 2019.

Medieleiar Petter Olsen i ImF Media har vore dagleg leiar i perioden i 10 prosent av medieleiarstillinga. I 2016 kom det ut to nye titlar – «Ingen som Gud» (Johnn Hardang) og «Tanker på nådeveien» (Sigmund Stokkeland). I 2017 bar to «oppdragsbøker» – om Fjell-ly og Molde folkehøgskole – ISBN-numre frå Sambåndet Forlag, i tillegg til ei rekkje Awana-bøker. Mot slutten av året kom Kronologisk bibelleseplan og andre opplag av bordkalenderen, begge i samarbeid med P7. I 2018 kom «For at dere skal tro» (Vegard Soltveit) i samarbeid med ImF-Ung og Den norske israelsmisjon.

Årsresultata i perioden har vist underskot på høvesvis kr. 81.510 (2016), 127.301 (2017) og 118.851 (2018). Rekneskapsført eigenkapital 31.12.18 er på kr. 336.001.

## STILLINGAR

Her er ei oversikt over tilsette i ImF sentralt ved utgangen av 2018. Det er heil stilling der prosent ikkje er oppgitt. Vi er takksame over å ha dugande og arbeidsvillige tilsette, både i administrasjonen og mellom forkynnarane:

## ADMINISTRASJONEN

- Erik Furnes, generalsekretær
- Helge Kleven, administrasjonsleiar
- Aud Karin Ringvoll, personalleiar, 70%
- Kenneth Foss, arrangement- og innsamlingsansvarleg
- Kari Anne Huse, kontorfullmektig
- Solveig Kopperud, kontormedarbeidar, 60%

## FORSAMLINGSARBEID

- John Torjus Bakke Eriksen, leiar for fellesskapsplanting, 80%
- Runar Landro, forsamlingskonsulent, 30%
- (i tillegg er det gitt stønad til læringsnettverket Futurum)

## FORKYNNARTENESTA

- Marit Stokken Berland, forkynnar
- Torgeir Skrunes, forkynnar, 40%
- Harald Tjervåg, forkynnar, 20%
- Tor Ingvald Lauvrak, forkynnar
- Irene K. Alnes Irene, forkynnar, 50%
- Gunnstein Nes, forkynnar, 20%
- Roald Evensen, forkynnar, 50%

## IMF MEDIA

- Petter Olsen, medieleiar
- Vilhelm Viksøy, journalist/informasjonsmedarbeidar
- Ole-Jakob Ebbesen, mediegrafikar
- Brit Rønningen, journalist
- Rane Cathrine, grafisk formgjevar, 50%

## AWANA NORGE

- Anne Lene Otterøen
- Jorunn Singstad Djupvik
- Trond Pundsnes
- Hilde Joy Vestøl
- Tore Nesvåg

# KONKRETE SAKER

Styret har handsama 65, 51, og 55 saker i desse tre åra. Nokre saker av allmenn interesse vert kommentert i Sambåndet. Vi har her plukka ut nokre slike saker:

**Skuledrift:** Av protokollane ser vi at ein god del merksemd og ressursar er nytta på skulesektoren, noko vi oppfattar har brei støtte i misjonsfolket. Det gjeld både oppfølging av eksisterande skular (konferansar, styreval, rektortilsettingar, økonomisk støtte), samt oppstart av nye skular (Fjaler og Ørskog/Sjøholt Folkehøgskole).





**Awana-satsing:** Styret har følgd opp investeringane i dei ulike aldersgruppene, og aldri sett på bremsene sjølv om ekstraordinære inntekter mest har vore fråverande i perioden. Samtidig er vi svært takksame for at ImF-UNG også har vore rause med ekstra midlar.

**Kyrkjesituasjonen:** Vi hadde ein grundig prosess rundt dokumentet «Råd fra ImF i kirkesituasjonen anno 2015/2016». I denne perioden har det også vore utvikling i kyrkjesituasjonen, men vi har ikkje sett det som nødvendig å sende ut liknande uttale. I staden har ImF uttalt seg saman med andre deltakarar i ELN. Vårt engasjement i ELN har også gjort at vi var med i stiftinga av «Frimodig Kyrkje» i 2016.

**Normallover for forsamlingar innmelde i ImF og NLM:** I stadig fleire av bedehusa på Sør- og Vestlandet vert det etablert forsamlingar, og i denne perioden er dei aller fleste av desse innmelde i både ImF og NLM. Ei er i tillegg innmeld i Normisjon. I samarbeid med NLM er det utarbeidd normallover med forklarande følgeskriv. Det er laga normallov både med og utan eldsteråd, og begge er blitt tatt i bruk.

**IKT:** Styret har vore opptekne av at både sentralledet, krinsane og forsamlingane skal kunne ha sikre, moderne og framtidsretta løysingar, samt at vi må halde kostnadane så låge som mogleg. Det er derfor gjort grep som kan verke drastiske med tanke på bemanning og behov for omstilling, men både lovpålagde krav og behovet for meir robuste løysingar har gjort dette naudsynt. Vi trur no at vi er godt rigga for åra som kjem.

**Plantingsfond:** I eit forsøk på å få fart i arbeidet med å plante nye fellesskap er Evangeliseringsfondet gjort om til et fond for planting. Det er etablert vedtekter som gjer det mogleg å få stønad på nivå med det ein kan stille opp med lokalt, og med føringar som gjer at fondet over tid kan vekse i staden for å tappast. Eit par krinsar har gjort noko liknande med sine reservar.

**Retningslinjer for misjonsprosjekt i ImF:** Nokre stader kan ein oppleve spenningar og interessekonflikt knytt til val av misjonsprosjekt, og derfor utarbeidde vi eit enkelt notat som vi håper skal vere til hjelp. For å kunne gje gode råd på et felt der vi sjølve ikkje har så stor erfaring og kompetanse, bad vi om hjelp frå Digni, som er ein paraplyorganisasjon for 20 kristne organisasjonar som jobbar mot fattigdom og for verdige liv.

**Omatt:** I perioden var vi med å etablere ein bransjeorganisasjon for gjenbruksbutikkar i Norge. Til saman sju slike ImF-butikkar er no ein del av «Omatt».

**DISM:** Styret sa seg villig til å samtale med Den Indre Sjømannsmisjon (DISM) om ei samanslåing etter at vi fekk spørsmål om det frå sistnemnde, men dette vart uaktuelt etter at DISM si generalforsamling vedtok å halde fram eiga drift.

**Felles trussamfunn:** Styret har vore opptekne av at vi i noverande kyrkjesituasjon skal stå saman med organisasjonar og kyrkjesamfunn som står oss nær. Vi har derfor vore opne for at vårt trussamfunn kan bli ein del av noko større, men av ymse grunnar har det ikkje ført til noko konkret så langt.

**Partnerskap i Naturlig Menighetsutvikling:** I denne perioden er det utdanna tre nye NaMu-vegleiarar innan ImF, og to til er under utdanning. Vi ser dette som tenleg for å leie forsamlingane våre i ei sunn og god retning, og har derfor blitt partnarar for NaMu i Norge.

**Fondsplasseringar:** Styret vurderte plassering av midlar i fond, men avviste dette samrøystes. I staden har vi lånt ut til nokre av våre verksemder som har hatt behov for kortsiktig lån. Med dei store investeringane som er gjort i Awana og ved Lyngdal Bibelcamp, har vi no mykje mindre frie midlar enn før perioden.

**Sal av Ytre Laksevåg bedehus:** Bergens Indremisjon kjøpte tidlegare Ytre Laksevåg bedehus, der dei har drive Solgløtt Barnehage i mange år, for kr 2million i 2018.

**Delegasjonsreglement** er etablert for å regulere forholdet mellom styret og administrasjonen.

# ØKONOMIEN

Samla årsresultat for perioden er minus 8.129.000. Korrigerer ein for postar som ikkje har direkte med drift av kjerneaktivitetane til ImF å gjere, får ein eit årsresultat på pluss 2.612.000. Her er ei kort oppstilling av kva for postar som det er korrigert for:

## EKSTRAORDINÆRE GÅVER/ARV, SAMLA 4.334.000.

- Gevinst ved sal av Betel, Bjørnevatn
- Gåve frå Søreide Indremisjon
- Arv frå Lyngdal
- Arv frå Flekkefjord

## OVERFØRINGAR TIL BILDØY BIBELSKOLE, NETTO -364.000.

- Her inngår gevinst ved sal av lærarbustader

## NEDSKRIVINGAR AKSJEKAPITAL/LÅN VED SKULEDRIFT, SAMLA -11.160.000.

## STØTTE TIL FINNMARKSARBEIDET, NETTO -721.000.

- Her inngår innsamla gåver på til saman 1.563.000.

## STØTTE «ANDRE», SAMLA -1.136.000.

- «omgud.net»
- Bedehuskirken (tatt frå plantingsfondet – tidlegare evangeliseringsfondet)
- M4 Europe
- Divisi

## STØTTE AWANA, NETTO -1.694.000.

- Her inngår gåver på til saman 748.000.

## GÅVER

I perioden har gåver/gjevarteneste og kollekt til kjerneaktivitetar i ImF utvikla seg slik:

- 4.956.000. år 2016
- 4.383.000. år 2017
- 5.076.000. år 2018

## EIGENKAPITAL-PROSENTEN

Denne indikerer kor stor del av det ImF eig som ikkje er finansiert med lånte midlar. Altså kor solid selskapet er. Denne har vore mellom 88 og 89% i perioden. Dette er i utgangspunktet veldig bra, men mykje av det ImF eig er ikkje så lett å omsette i pengar. Det kan derfor vere viktigare å sjå på kor store verdiar ImF har, som enten er i kontantar eller er lett å gjere om til pengar. I 2016 var desse midlane 10.778.000, medan dei ved utgangen av 2018 var 3.177.000. Forklaringa på denne store nedgangen skuldast at ImF har vald å finansiere det nye sanitæranlegget i Lyngdal ved å gje eit internt lån til KVS Drift AS (tidlegare Lyngdal Bibelcamp Drift) som eig bygget. Samla sett er dette lånet på 9.650.000. Dette har redusert pengebeholdninga betydeleg, men alt ligg til rette om ImF skulle velje å gjere om delar av internlånet til eit ordinært banklån. **Det kan derfor konkluderast med at den likvide situasjonen i ImF er god.**

# SAMARBEID MED ANDRE

Utanom det ImF har mannskap til å arbeide med sjølv, er det ein stor rikdom å stå saman med andre arbeidslag. Per i dag er ImF medlem eller aksjonær i følgjande:

- Tro og medier
- Norsk organisasjon for misjon og evangelisering (NORME)
- Blå Kors
- Plussreiser (24% av eigerselskap og 19% av driftsselskap)
- Kristen Riksradio / P7
- Menneskeverd
- Nordisk Indremisjonsråd
- GuttogJente.no
- Til Helhet
- Kristeleg pressekontor (KPK)
- Dagen
- Bergen Kristne Bokhandel

ImF ønskjer å følgje opp sine medlemskap og aksjonærpostar så langt våre ressursar strekk til, og vi må også evaluere om desse tiltaka er ei forlenging av vårt kallsoppdrag.

## TAKK

Takka rettast vi først til Herren, Han som tiltrudde oss kallet, gav si kraft til tenesta, og stått ved sine løfter. All ære til Gud!

Vi takkar misjonsfolket som har vist oss tillit og omsorg i offer og bønner, og som har stått med i kallet. Vi takkar kvar kvinne og mann, ung og eldre, som trufast står med i arbeidet rundt i landet.

Vi takkar alle medarbeidarar sentralt, i krinsane og forsamlingane, barnehagar, skular, institusjonar og lokalt for dyktig arbeid, trufast teneste, og samfunn i arbeidet for evangeliet. Takk også til ektefellar og familiar som deler kallet.

Vi takkar alle samarbeidspartnarar i Norge, Norden og i andre land som vi har fått dela kall og teneste med. Vi helsar alle med ordet frå 2.Kor 1:20 «*For så mange som Guds lovnader er, i han har dei fått sitt ja. Difor får dei òg sitt amen ved han, Gud til ære ved oss*».

**Odd Asbjørn Nybø** (formann)

**Gabriel Pollestad**(nestformann)

**Harald Voster,**

**Anne Bente Klokk Svendsvik, Norunn Byrknes.**

**Gudmund Furnes, Terje Greibesland, Solveig Hosøy** (1.vara)

**Erik Furnes** (generalsekretær)